



LEIV JAN FOSSE
FOSSE 146
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/159 - 21/13180

Saksbehandlar:
Ingrid Raniseth
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:
29.03.2021

Detaljregulering for Langeland B5, gbnr. 324/4 m.fl. - Offentleg ettersyn og høring

Reguleringsplan for Langeland B5 - Offentleg ettersyn og høring

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Utval for areal, plan og miljø 11.06.2019, som sak 59/2019, gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til offentlig ettersyn.

Formålet med planen er å leggje til rette for oppføring av einebustader og fleirmannsbustader i form av rekkjehus og leilegheitsbygg med tilhøyrande infrastruktur og funksjonar. Det er òg planlagt eit næringsbygg for bevertning, aktivitets- og konferansesenter heilt sør i planområdet. Samla legg planforslaget til rette for ca. 60 nye bustadeiningar og om lag 1900 m² med næring. Grad av utnytting ligg på mellom 20-45 % BYA.

Planframlegget omfattar følgjande dokument:

1. Planomtale, sist revidert 10.02.21
2. Føresegner, sist revidert 10.02.21
3. Plankart, sist revidert 10.02.21
4. ROS-analyse
5. Merknader oppstart
6. Oppsummering merknader
7. KU-vurdering
8. VA-rammeplan
9. Skredfarevurdering
10. Situasjonsplan
11. Situasjonsplan utsnitt
12. Snitt
13. Fotoillustrasjonar
14. Vegprofil o_SKV2

15. Solstudie
16. Uttale NGIR
17. Uttale VA-rammeplan
18. Vedtak

Plandokument og vedtak ligg på Alver kommune si heimeside under [Høyringar og kunngjeringar](#).

Perioden for offentlig ettersyn er sett frå 30.03.2021 – 10.05.2021

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjema som ligg under kunngjeringa på heimesida, sende e-post til post@alver.kommune.no, eller sende brev til Alver kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til plan v/ Arealforvaltning.

Merknadsfrist er sett til 10.05.2021

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.